

## INTERN OPPLÆRINGSPLAN

Opplæringslova §4-4 seier mellom anna at: *Lærebedrifta skal utvikle ein eigen intern plan for opplæringa.*

Alle bedrifter som er medlem eller brukarar av Opplæringskontoret for Elektrofag i Sogn og Fjordane (OFEL) har fylgjande intern plan:

1. Alle lærlingar skal føre praksislogg i sitt fag. Loggføringa skjer via [www.elskolen.no](http://www.elskolen.no) Loggen syner praksiselement som er knytta til kompetansemål i læreplanen. Lærlingen sjølv, fagleg leiar og instruktøren har tilgang til loggen. Fagleg leiar eller instruktør skal gje tilbakemelding på loggføringa regelmessig.
2. Alle lærlingar følger kursplan (årshjulet) for teorisamlingar, fagsamlingar og andre samlingar som er relevante for opplæringa.
3. For lærlingar med restteori følger desse eigen teorikalender med teoriundervisning og oppgåveinnlevering i elskolen.
4. Lærlingoppfølging er regulert gjennom opplæringasavtale mellom OFEL, bedrifta og lærlingen. Bedrifta har den daglege oppfølginga og opplæringskontoret har overordna kontroll med om bedrifta og lærlingen utfører sine plikter.
5. Bedrifta gjennomfører alle halvårsamtaler med lærlingen og ser etter at lærlingen fører praksislogg minimum 500t/halvår. På halvårsamtalen skal det avdekkast kva som må til for å nå måla i læreplanen. Møteinnkalling og referat frå samtale leverast på [elskolen.no](http://elskolen.no)
6. Når lærlingen har ca eitt år igjen av læretida skal det vurderast om lærlingen greier å nå alle kompetansemåla innafør læretida. Og om bedrifta har relevante arbeidsoppdrag for det som står igjen av opplæringa. OFEL skal i denne fasen hjelpe til med å finne alternative læringsarenaer eller anna tilrettelegging for å klargjere lærlingen fram mot fagprøva.